

Referat frå årsmøte i Silda Velforening påskeafta, 22.03. 2008.

Frammøtte: Utanom styret og varamedlemar møtte 15 medlemar.

Sakliste:

1. Velkommen v/ leiar Helge Silden.

2. Valg av møteleiar og referent.

Paul Sundnes vart vald til møteleiar. Underteikna vart vald til referent.

3. Årsmelding.

Orientering av leiar. (Sjå eige skriv).

Det var full tilslutning til styret.

4. Rekneskap for 2007.

Liv Wik Silden gjekk gjennom rekneskapet for 2007. Økonomien er god og det er første gangen det er overskudd i Silda Velforening.

5. Ev. budsjett for 2008, samt fastsettjing av medlemskontingent.

Årsmøtet vedtok at styret får fullmakt til å setje opp og disponere budsjettet til foreninga sitt beste.

Vedtak om at medlemskontingenngen fortsatt skal vere kr.300,- .

6. Valg

a) Styret skal i høve vedtekten ha minimum 3 representantar.

Dei styremedlemane som stod på valg var:

Helge Silden, Annelin Fure, Sølvi Silden og Kenneth Svoren.

Øvrige styremedlemar er Einar Rune Sætren og Liv Wik Silden.

Valkomiteen var Kåre og Åge Silden. Dei hadde desse framlegga:

Nye medlemar til styret: Inger Silden, Hildegunn Fure Osmundsvåg.

Gjenvalg: Sølvi Silden, Kenneth Svoren.

b) Varamedlemane har funksjonstid 1 år.

Forslag til gjenvalg på: Eva Silden, Hermann Silden.

c) Revisjonskomiteen har 2 representantar. Ein av representantane vert vald som leiar.

Funksjonstid er 1 år.

Forslag til revisjonskomite: Helene Larsen (gjenval), Helge Silden (ny).

d) Valkomiteen skal ha 2 representantar. Ein av representantane vert vald som leiar.

Funksjonstid er 1 år.

Forslag til valkomite: Kåre Silden (gjenval), Helge Silden (ny).

Valet var samrøystes.

7. Fredagsruter

150 / 160 personar har følgt dei ekstrarutene som Velforeninga kjøpte i 2007.

Styret la fram forslag på kjøp av ekstraruter i 2008:

Onsdag 19.mars

Fredag 18.april

Onsdag 30. april

Fredag 09.mai

Fredag 16.mai

Fredag 06.juni

Fredag 20.juni

Søndag 22.juni (kl.1900 frå Silda)

Fredag 27.juni

Søndag 29.juni (kl1900 frå Silda)

Fredag 18.juli (I samband med Grillfest lørd.18.juli)

Fredag 01.august (I samband med Tall Ship Races)

Fredag 22.august

Årsmøte ga tilslutning til styret om å setje opp dei endelige datoane for ekstraruter. Når det gjeld ruter på alle bevegelege heilagdagar så kompenserer Øyglint for dei, fordi dei går morgenrutene på signal.

8. Organisering av grasklipping.

Det vart bestemt at containaren på kaia skal brukast til lagring av grasklippar. Oppslag vert hengt opp med ei oppfordring til alle om å gjere ein innsats med grasklipping av vegkantar og evt. andre fellesområder. Det vil bli sett opp ein kontaktmann som ein kan henvende seg til dersom det er noko som må reparerast på grasklipparen el. om den er tom for bensin.

9. Dugnad.

Det kom fram to forslag til dugnad.

1. Dugnad på skuleplassen

2. Dugnad på vegen til flytrebryggene ved Skjærbuda.

Det vart fleirtal for dugnad på vegen til flytrebryggene. Men dersom mange møter fram kan ein organisere dugnad på skuleplassen og.

Dato for dugnaden vert lagt inn på heimesidene til Silda Velforening i god tid før dugnaden skal vere.

10. Vatn og vassverk.

Det var ein diskusjon om vassverket og rensing av vatnet. Årsmøtet oppmoda om at det vart gjort ei slamsuging /spyling av vassverket no i vår, og at Hans Fure får betaling for å utføre arbeidet Årsmøtet gjekk vidare inn for at styret for velforeininga tek kontakt med leiar av vassverket, Hans Fure om å arrangere eit årsmøte, enten til sommaren 2008 eller i samband med neste årsmøte i Silda Velforening.

11. Myggfelle.

Diskusjon om oppsetjing av myggfeller og om felles innkjøp av myggfeller for å redusere prisen. Kenneth Svoren innhentar pris for 20 stk. Dei som er interesserte kan kontakte han.

12. Tall Ship Races.

Silda Velforening har sendt brev til arrangementskomiteen om kommunikasjon, båtruter og overnatting i samband med Tall Ship Races. Det er sett opp ekstra båtruter

mellan Måløy og Selje, og håpet er at båtrutene kan gå Måløy – Silda – Selje og retur. Men styret har ikkje fått svar på søknaden

13. Ang. båtruter med Øyglint frå Måløy.

Årsmøtet oppfordrar styret i velforeininga om å ta kontakt med Øyglint for å rette opp ruteheftet slik at det framgår kva som er reelt ang. avgang av ein del båtruter frå Måløy. Det er viktig for reisande å vite kva båtruter som går på signal og kva gjer det ikkje.

Referent

Sissel Brunsvik